



## Retningslinjer for Samnanger kommune sin kulturpris

1. Utvalet for oppvekst og omsorg kan kvart fjerde år dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar i eller med tilknytning til Samnanger kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortjenestefull innsats for kulturlivet i kommunen eller for aktivt kulturarbeid over lengre tid. Utvalet for oppvekst og omsorg skal leggja ei vid tolking av kulturomgrepet til grunn ved vurdering av eventuelle kandidatar.
3. Utvalet for oppvekst og omsorg tek avgjerd om kven som skal få prisen og korleis han skal delast ut.
4. Berre ein person/organisasjon kan få prisen ved kvar tildeling.
5. Prisen kan ikkje tildelast same organisasjon/person fleire gongar for same gjeremål.
6. Melding om prisen og oppmoding til å koma med framlegg til kandidatar vert lyst ut i Samningen innan 1.april kvart fjerde år. Grunngeevne, skriftlege framlegg til kandidatar skal sendast til Samnanger kommune innan 1.mai.
7. Det vert delt ut ein pris, og eit beløp på kr. 10.000 til prisvinnaren.

Vedteke av kommunestyre i sak 035/13 i møte den 20.6.2013.